

Notat

Dato: 18.11.2019

Saksnr: 2019/101-2

Saksbehandlar: Even Vaular

Til: Trafikktryggingsutvalet
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Dina Lefdal, påtroppande fylkesdirektør, Avdeling for infrastruktur og veg

Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg

I både Hordaland og Sogn og Fjordane er fysiske trafikktryggingstiltak høgt prioritert i dei respektive regionale transportplanar. Begge fylka har hatt tilskotsordningar til mindre, fysiske tiltak. I investeringsprogram for fylkesveg i Hordaland har ein hatt ein post kalla «mindre utbetringar», der midlane har vore nytta til spleiselagsprosjekt med kommunane. Prosjekta under denne budsjettposten har vore tiltak på fylkesveg med høg lokal prioritet. I perioden 2016-2019 har fylkestinget i Hordaland løyvd ekstra midlar over driftsbudsjettet til punktutbetring, trygg skuleveg og i 2019 også Hjertesone-tiltak.

Som ein del av forarbeidet til ny regional transportplan for Vestland vil påtroppande fylkesdirektør sjå på korleis ein best kan innretta satsinga mot punktutbetring og trygg skuleveg, med bakgrunn i dei erfaringar ein har gjort seg i dagens to fylke. Intensjonen er å koma attende til politisk nivå med ei sak som tar opp i seg ulike modellar som vurderer på kva måte fylkeskommunen kan samhandla med kommunane og på kva måte ein kan sikre mest mogleg rasjonell og effektiv gjennomføring og administrasjon av dei fysiske trafikktryggingssprosjekta.

